



DET KONGELEGE
ARBEJDSDEPARTEMENT

Prop. 152 L

(2011–2012)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Lov om gjennomføring i norsk rett av EØS-avtalen vedlegg V punkt 2 (forordning (EU) nr. 492/2011) om fri rørsle av arbeidstakarar innanfor EØS-området (EØS-arbeidstakarlova)

*Tilråding frå Arbeidsdepartementet 28. september 2012,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

EØS-komiteen vedtok 30. mars 2012 (vedtak nr. 52/2012) å endre EØS-avtalen vedlegg V punkt 2 om fri rørsle for arbeidstakarar til EØS-avtalen slik at europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 492/2011 av 5. april 2011 om fri rørsle for arbeidstakarar i medlemslanda vert innlemma i EØS-avtalen. Forordninga erstattar tidlegare forordning (EØF) nr. 1612/68 om rett til fri rørsle av arbeidskraft innan EU.

Prop. 135 S (2011-2012) tilrår at Stortinget samtykker i godkjenning av EØS-komiteens vedtak om å innlemme forordning (EU) nr. 492/2011 i EØS-avtalen.

Arbeidsdepartementet legg no fram ein proposisjon til Stortinget med dei naudsynte lovendringsane i form av forslag til ei ny EØS-arbeidstakarlov. Det er ei føresetnad for vedtak i samsvar med tilrådinga i denne proposisjonen at Stortinget samtykker i godkjenning av EØS-komiteens vedtak 30. mars 2012 om å innlemme forordning (EU) nr. 492/2011 om fri rørsle for arbeidstakarar i medlemslanda i EØS-avtalen slik Prop. 135 S (2011-2012) foreslår. Forordning (EU) nr. 492/

2011 i uoffisiell norsk omsetjing følgjer som trykt vedlegg til proposisjonen.

2 Bakgrunn for lovforslaget

Forordning (EU) nr. 492/2011 av 5. april 2011 om fri rørsle for arbeidstakarar i medlemslanda vart innlemma i EØS-avtalen 30. mars 2012. Forordninga erstattar forordning (EØF) nr. 1612/68 om rett til fri rørsle av arbeidskraft innan EU.

Forordninga gjeld i EU-landa frå 16. juni 2011.

3 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Departementet foreslår at forordning (EU) nr. 492/2011 blir gjennomført i norsk rett. Den tidlegare forordninga, (EØF) nr. 1612/68, er gjennomført i norsk rett gjennom EØS-arbeidstakerloven av 27. november 1992 nr. 112. Gjennomføring av forordning (EU) nr. 492/2011 krev lovendringar, og departementet foreslår at det skjer ved å vedta ei ny EØS-arbeidstakarlov og samtidig oppheve gjeldande lov.

Den nye forordninga oppdaterer og vidarefører tidlegare forordning med endringar da den tidlegare forordninga har vorte endra fleire gonger. Forordninga er revidert av omsyn til klarleik og sikrar lik behandling av arbeidstakarar som nyttar høve til fri rørsle i EØS-området. Forordninga innfører ikkje materielle endringar. Endringane er i all hovudsak tekniske eller redaksjonelle.

4 EØS-avtalen og EFTA-konvensjonen

4.1 EØS-avtalen

Prinsippa i EØS-avtalen artikkel 1 om fri personmobilitet omfattar retten til innreise, opphald og arbeid i eit anna medlemsland for borgarar av eit EØS-land og familiemedlemmene deira.

Den frie personmobiliteten knyter seg til fleire "fridommar", som fri rørsle av arbeidskraft og retten til å etablere seg i eit anna EØS-land.

Prinsippa i EØS-avtalen og reglar om dei fire fridommane må sjåast i samanheng med dei grunnleggjande formåla og prinsippa i avtalen. To sentrale grunnprinsipp er prinsippa om *proporsjonalitet* og *ikkje-diskriminering*. Proporsjonalitetsprinsippet krev eit rimeleg forhold mellom det målet ein ønskjer å nå og dei midla som blir tekne i bruk for å nå dette målet. Prinsippet viser i kor stor grad styresmaktene kan avgrense handlefridommen til kvar enkelt etter prinsippet om fri rørsle. Hovudpoenget er at restriksjonane ikkje kan gå lenger enn det som er nødvendig for å sikre offentlege interesser. Prinsippet er ulovfesta og liknar prinsippet om proporsjonalitet i norsk forvaltningsrett.

Ikkje-diskrimineringsprinsippet forbyr forskjellsbehandling av borgarar frå dei ulike EØS-landa på grunnlag av nasjonalitet. Ulovleg forskjellsbehandling kan gjelde både ulik behandling av like tilfelle eller lik behandling av ulike tilfelle. Både openlys og skjult forskjellsbehandling blir ramma av forbodet. Ein aksepterer likevel sakleg grunnleggjande forskjellsbehandling i ei viss utstrekning. Prinsippet kjem til uttrykk generelt i EØS-avtalen artikkel 4, men går enkelte gonger uttrykkeleg fram i dei spesielle forbodsføresegnene i EØS-avtalen om dei fire fridommane.

4.2 EFTA-konvensjonen

EFTA-konvensjonen som vart revidert i 1999, er også viktig for reglane om fri personmobilitet. Konvensjonen regulerer samarbeidet mellom

Island, Liechtenstein, Noreg og Sveits og inneheld reglar om at personar kan ferdest fritt i medlemslanda. EFTA-borgarar skal få same behandling av norske styresmakter som EØS-borgarar når det gjeld å ferdest fritt. Føresegnene gir og rett til å ta arbeid og etablere sjølvstendig næringsverksemd.

5 Om forordning (EU) nr. 492/2011

5.1 Innhaldet i forordninga

Forordning (EU) nr. 492/2011 erstattar forordning (EØF) nr. 1612/68 om rett til fri rørsle av arbeidskraft innan EU. Den nye forordninga er ein konsolidert versjon av tidlegare forordning med endringar, da den tidlegare forordninga har vorte endra fleire gonger. Forordninga er revidert av omsyn til klarleik og av praktiske årsaker. Forordninga introduserer ikkje nye materielle reglar. Endringane er tekniske og redaksjonelle oppdateringar.

Forordninga slår fast at fri rørsle er ein grunnleggjande rett for arbeidstakarar og familiane deira. Mobiliteten til arbeidskrafta innanfor Unionen skal vere eitt av midla til å sikre at arbeidstakarar kan få betre leve- og arbeidsvilkår og lette den sosiale framgangen sin. Samstundes skal slik mobilitet medverke til å oppfylle dei økonomiske behova til medlemsstatane. Retten til fri rørsle skal etter forordninga sannkjennast utan forskjellsbehandling.

Forordninga skal sikre at all forskjellsbehandling på grunnlag av nasjonalitet mellom arbeidstakarar frå medlemsstatane avskaffast når det gjeld sysselsetjing, lønn og andre arbeidsvilkår. Det same gjeld den retten desse arbeidstakarane har til å flytte fritt innanfor Fellesskapet for å utøve lønna verksemd, med atterhald for dei avgrensingane som er grunnleggjande med omsynet til offentlig orden, offentlig tryggleik eller folkehelse. Kapittel 1 i den nye forordninga presiserer at alle arbeidstakarar innanfor Unionen skal ha lik behandling. Prinsippet inneber at alle borgarar i medlemsstatane får den same prioriteten til arbeid som innanlandske arbeidstakarar.

Forordninga har, slik forordning 1612/68 og hadde, ei rekkje reglar som gjev rettar for enkelt-personar når det gjeld tilgang til sysselsetjing og lik behandling. Forordninga oppstiller også føresegner om arbeidsformidling, om kontrolltiltak for å fremje jamvekta på arbeidsmarknaden og om organ som skal sikre eit nært samarbeid mellom

medlemsstatane om fri rørsle for og sysselsetjing av arbeidstakarar.

5.2 EØS-relevansen av forordninga

Det er berre EØS-relevante rettsaktar frå EU som skal innlemmast i EØS-avtalen. Denne forordninga gjeld føresegnar om fri rørsle av arbeidstakarar innanfor Unionen og utgjer dermed ei sentral plikt etter EØS-avtalen.

6 Forslag til lovreglar

6.1 Innleiing

Lovforslaget gjennomfører forordning (EU) nr. 492/2011 i norsk rett. EU-forordningar gjeld direkte i medlemsstatane. Som ved gjennomføringa av den tidligare forordninga, (EØF) nr. 1612/68, skal også den nye forordninga takast inn i norsk rett, ord for ord, likevel med nødvendig tilpassing slik at forordninga no også skal gjelde EØS-statar.

6.2 Sakleg virkeområde

Forordninga gjeld for arbeidstakarar som nyttar sin rett til fri rørsle i EØS-området og familiane deira. For å sikre fri rørsle innanfor EØS-området, må all forskjellsbehandling på grunnlag av nasjonalitet mellom arbeidstakarar frå medlemsstatane avskaffast når det gjeld sysselsetjing, lønn, og andre arbeidsvilkår. Det same gjeld retten til å flytte fritt innanfor EØS-området for å utøve lønna verksemd.

6.3 Nærmare om dei enkelte føresegnene i forordninga

Forordning (EU) nr. 492/2011 er ei oppdatering og konsolidering av tidlegare forordning (EØF) nr. 1612/68 om fri rørsle av arbeidskraft i medlemsstatane. Forordninga med tilpassing for å gjelde i EØS-statar sikrar lik behandling av arbeidstakarar som nyttar høve til fri rørsle i EØS-området.

Kapittel I Sysselsetjing, likebehandling og familiane til arbeidstakarane

Forordninga vidarefører tidligare reglar om tilgang til sysselsetjing. Føresegnene slår mellom anna fast at alle statsborgarar i ein EØS-stat, utan omsyn til bustad, skal ha rett til å ta lønna arbeid

på territoriet til ein annan EØS-stat. Dei skal ha den same prioriteten til ledige stillingar som statsborgarane i denne staten har. Lover, forskrifter eller administrativ praksis i ein EØS-stat skal ikkje nyttast når dei avgrensar eller set vilkår for statsborgarar i andre EØS-statar som ikkje gjeld for innlandske statsborgarar, for tilbod og søknad om arbeid og tilgang til å ha arbeid.

Reglar som i tal eller prosent avgrensar sysselsetjinga av utanlandske statsborgarar i eit einskild foretak, ei einskild næring, ein einskild region eller på nasjonalt plan, skal ikkje nyttast på statsborgarar frå dei andre EØS-statane. Reglane sikrar at ein statsborgar i ein EØS-stat som søker arbeid på territoriet til ein annan EØS-stat, skal få den same hjelpa frå arbeidskontoret som innanlandske statsborgarar får.

Forordninga vidarefører tidligare reglar om lik behandling av arbeidstakarar. Reglane slår mellom anna fast at ingen arbeidstakar kan behandlast annleis på territoriet til ein annan medlemsstat enn innanlandske arbeidstakarar når det gjeld tilsetjings- og arbeidsvilkår, særleg med omsyn til lønn og oppseiing. Dei skal ha krav på lik behandling når det gjeld medlemskap i fagforeningar og når det gjeld bustad.

Forordninga vidarefører føresegnene som sikrar lik tilgang til allmennutdanning og lærling- og yrkesfagleg opplæring for borna til ein arbeidstakar, som arbeider eller har arbeidd på territoriet til ein annan EØS-stat. EØS-statane skal oppmuntre til tiltak som tek sikte på at desse borna skal kunne ta del i undervisninga best mogeleg.

Kapittel II Arbeidsformidling

Del 1 i kapittel II gir reglar om korleis EFTA-statane og EFTAs faste komité skal samarbeide for å sikre fri rørsle for arbeidstakarar i EØS-området. Dei skal saman eller kvar for seg setje i gang granskingar om sysselsetjing og arbeidsløyse som dei finn naudsynte. Reglane slår fast at dei sentrale arbeidskontora i EFTA-statane skal ha eit nært samarbeid med kvarandre og med EFTAs faste komité med sikte på felles tiltak som gjeld arbeidsformidling i EØS-området. Reglane vidarefører reglane i EØS-arbeidstakerloven.

Føresegnene skal sikre ein oversiktleg arbeidsmarknad. Arbeidstakarar som ønskjer å flytte, skal jamleg få informasjon om leve- og arbeidsvilkår. Kapitlet seier korleis arbeidskontora i ein annan EFTA-stat skal syte for at slike opplysningar får ei omfattande spreing.

Som tidlegare skal EFTA-statane sende alle opplysningar om problem som kjem på i samband

med fri rørsle for og sysselsetjing av arbeidstakarar til EFTAs faste komité og EFTAs overvåkingsorgan (ESA), saman med opplysningar om situasjonen og utviklinga når det gjeld sysselsetjinga.

Del 2 i kapittel II gir føresegner om formidlingsverksemd. Av fortalen går det fram at formidlingsverksemda, særleg gjennom utvikling av eit direkte samarbeid mellom både sentrale og regionale arbeidskontor og samordning av informasjonsutveksling, sikrar generelt at arbeidsmarknaden blir meir oversiktleg. Reglane vidarefører reglane i EØS-arbeidstakerloven.

Del 3 vidarefører føresegner om kontrolltiltak for å fremje jamvekta på arbeidsmarknaden. Kapittel 4 vidarefører reglane om Det europeiske samordningskontoret som er eit kontor innanfor Kommisjonen med oppgave å fremje arbeidsformidling på unionsplan.

Kapittel III Organ som skal sikre eit nært samarbeid mellom medlemsstatane når det gjeld fri rørsle for og sysselsetjing av arbeidstakarar

Kapitlet er delt i to delar, del 1 omhandlar *Det rådgjevande utvalet* og del 2 *Det faglege utvalet*. Kapitlet gjeld interne prosedyrer i EU og vidarefører tidlegare reglar utan endringar.

Kapittel IV Slutføresegner

Overgangsføresegnene i artikkel 38, 40, 41 og 45 i EØS-arbeidstakerloven går ut. Dei andre slutføresegnene er uendra.

Vi HARALD, Noregs Konge,

st a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å vedta lov om gjennomføring i norsk rett av EØS-avtalen vedlegg V punkt 2 (forordning (EU) nr. 492/2011) om fri rørsle av arbeidstakarar innanfor EØS-området (EØS-arbeidstakarlova) i samsvar med eit vedlagt forslag.

6.4 Vurderinga frå departementet

Departementet viser til framlegget. Som nemnt tidligare inneheld forordninga inga materielle endringar. Reglane i forordning (EØF) nr. 1612/68 er tidligare gjennomført i norsk rett i EØS-arbeidstakerloven frå 1992. Departementet foreslår at føresegnene i forordning (EU) nr. 492/2011 takast inn og gjennomførast i norsk rett ved ei ny lov, EØS-arbeidstakarlova. Tidlegare EØS-arbeidstakerloven frå 1992 opphevast.

7 Økonomiske og administrative konsekvensar

Gjennomføringa av forordning (EU) nr. 492/2011 i Noreg har ikkje økonomiske eller administrative konsekvensar for det offentlege.

Arbeidsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om gjennomføring i norsk rett av EØS-avtalen vedlegg V punkt 2 (forordning (EU) nr. 492/2011) om fri rørsle av arbeidstakarar innanfor EØS-området (EØS-arbeidstakarlova).

Forslag

til lov om gjennomføring i norsk rett av EØS-avtalen vedlegg V punkt 2 (forordning (EU) nr. 492/2011) om fri rørsle av arbeidstakarar innanfor EØS-området (EØS-arbeidstakarlova)

§ 1 EØS-avtalen vedlegg V punkt 2 (forordning (EU) nr. 492/2011) om fri rørsle av arbeidstakarar gjeld som lov med dei tilpassingane som følgjer av vedlegg V, protokoll 1 til avtalen og avtalen elles. Lova gjeld bare for dei statane som til ei kvar tid er tilslutta EØS-avtalen.

§ 2 Kongen kan ved forskrift gi nærmare reglar om gjennomføringa av føresegnene i lova.

§ 3 Lova gjeld ikkje for Svalbard.

§ 4 Lova gjeld frå den tid Kongen fastset. Frå same tid som lova trer i kraft, blir lov 27. november 1992 nr. 112 om gjennomføring i norsk rett av EØS-avtalens vedlegg V punkt 2 (rådsforordning (EØF) nr. 1612/68) om fri bevegelse for arbeidstakere mv innenfor EØS oppheva.

Vedlegg 1

EØS-avtalens vedlegg V punkt 2 (forordning (EU) nr. 492/2011) om fri rørsle av arbeidstakarar innanfor EØS-området – med dei endringane og tillegg som følger av vedlegg V, protokoll 1 til avtalen og avtalen for øvrig

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR –

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen, særleg artikkel 46,

med tilvising til framlegget frå Europakommisjonen,

etter oversending av utkast til regelverksakt til dei nasjonale parlamenta,

med tilvising til fråsegnen frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet¹,

etter den ordinære regelverksprosessen² og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Rådsforordning (EØF) nr. 1612/68 av 15. oktober 1968 om fri bevegelighet for arbeidstakere innen Fellesskapet³ er vorten endra monaleg fleire gonger⁴. Av omsyn til klarleiken og av praktiske årsaker bør forordninga kodifiserast.
- 2) Fri rørsle for arbeidstakarar bør sikrast innanfor Unionen. For å nå dette målet må all forskjellsbehandling på grunnlag av nasjonalitet mellom arbeidstakarar frå medlemsstatane avskaffast når det gjeld sysselsetjing, lønn og andre arbeidsvilkår, og det same gjeld den retten desse arbeidstakarane har til å flytte fritt innanfor Fellesskapet for å utøve løna verksemd, med atterhald for dei avgrensingane som er grunnjevne med omsynet til offentleg orden, offentleg tryggleik eller folkehelse.
- 3) Det bør fastsetjast føresegner for at dei måla på området fri rørsle som er fastsette i artikkel 45 og 46 i traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen, skal kunne oppnåast.
- 4) Fri rørsle er ein grunnleggjande rett for arbeidstakarar og familiane deira. Mobiliteten til arbeidskrafta innanfor Unionen må vere eitt av midla til å sikre at arbeidstakarar kan få betre leve- og arbeidsvilkåra sine og lette den sosiale framgangen sin, samstundes som slik mobilitet medverkar til å oppfylle dei økonomiske behova til medlemsstatane. Retten til å utøve verksemd etter eige val innanfor Fellesskapet må stadfestast for alle arbeidstakarar i Unionen.
- 5) Denne retten bør sannkjennast utan forskjellsbehandling for fast tilsette arbeidstakarar, sesongarbeidarar, grensearbeidarar og arbeidstakarar som utøver verksemd som del av tenesteyting.
- 6) For at retten til fri rørsle skal kunne utøvast på objektive vilkår på ein fri og verdig måte, må lik behandling sikrast, både praktisk og rettsleg, på alle område som er knytte til den faktiske utøvinga av lønna verksemd og retten til bustad, og i tillegg må alle hinder for mobiliteten til arbeidstakarar fjernast, særleg når det gjeld vilkåra for at familien til arbeidstakaren skal kunne integrerast i vertsstaten.
- 7) Prinsippet om lik behandling av alle arbeidstakarar innanfor Unionen inneber at alle statsborgarar i medlemsstatane får den same prioriteten til arbeid som innanlandske arbeidstakarar.
- 8) Formidlingsverksemda, særleg gjennom utvikling av eit direkte samarbeid mellom både sentrale og regionale arbeidskontor og samordning av informasjonsutveksling, sikrar generelt at arbeidsmarknaden vert meir oversiktleg. Arbeidstakarar som ønskjer å flytte, bør jamleg få informasjon om leve- og arbeidsvilkår.
- 9) Det finst nære band mellom fri rørsle for arbeidstakarar, sysselsetjing og yrkesretta

¹ TEU C 44 av 11.2.2011, s. 170.

² Europaparlamentsfråsegn av 7. september 2010 (enno ikkje offentleggjort i TEU) og rådsavgjerd av 21. mars 2011.

³ EFT L 257 av 19.10.1968, s. 2.

⁴ Sjå vedlegg I.

opplæring, særleg når slik opplæring har til føremål å setje arbeidstakarane i stand til å ta imot konkrete tilbod om arbeid frå andre regionar i Unionen. Difor må dei problema som oppstår i samband med dette, ikkje lenger handterast isolert, men sjåast som nært samanhengande, samstundes som det vert teke omsyn til sysselsetjingsproblema på regionalt plan. Medlemsstatane må difor leggje vinn på å samordne sysselsetjingspolitikken sin –

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Kapittel I

Sysselsetjing, likebehandling og familien til arbeidstakarane

Del 1

Tilgang til sysselsetjing

Artikkel 1

1. Alle statsborgarar i ein *EØS-stat* skal, utan omsyn til bustad, ha rett til å ta og utøve lønna arbeid på territoriet til ein annan *EØS-stat* i samsvar med føresegnene i dei lovene og forskriftene som gjeld for arbeidstakarar som er statsborgarar i denne staten.
2. Dei skal særleg ha den same prioriteten til ledige stillingar på territoriet til ein annan *EØS-stat* som statsborgarane i denne staten har.

Artikkel 2

Alle statsborgarar i ein *EØS-stat* og alle arbeidsgjevarar som utøver verksemda si på territoriet til ein *EØS-stat*, kan utveksle søknader og tilbod om arbeid, og inngå og oppfylle arbeidsavtaler i samsvar med gjeldande føresegner i lover og forskrifter, så framt dette ikkje inneber forskjellsbehandling.

Artikkel 3

1. I medhald av denne forordninga skal lover, forskrifter eller administrativ praksis i ein *EØS-stat* ikkje nyttast når dei
 - a) for utanlandske statsborgarar avgrensar eller set vilkår som ikkje gjeld for innanlandske statsborgarar, for tilbod og søknad om arbeid og tilgang til og utøving av arbeid, eller

- b) utan å stille vilkår om nasjonalitet, utelukkande eller hovudsakleg har som føremål eller verknad å utelukke statsborgarar i andre *EØS-statar* frå ledige stillingar.

Denne føresegna gjeld ikkje for vilkår om språkkunnskapar som er naudsynte på grunn av arten av det arbeidet som den ledige stillinga inneber.

2. Dei føresegnene og den praksisen som er nemnde i nr. 1 bokstav a), omfattar særleg slike som i ein *EØS-stat*
 - a) fastset ein særleg og ufråvikeleg framgangsmåte ved tilsetjing av utanlandske statsborgarar,
 - b) avgrensar kunngjeringa av ledige stillingar gjennom pressa eller på annan måte, eller set andre vilkår for kunngjeringa enn dei som gjeld for arbeidsgjevarar som utøver verksemda si på territoriet til denne staten,
 - c) set vilkår om registrering hjå arbeidskontor for tilgang til arbeid, eller hindrar individuell rekruttering av personar som ikkje er busette på territoriet til denne staten.

Artikkel 4

1. Føresegner som er fastsette ved lov eller forskrift i *EØS-statane*, og som i tal eller prosent avgrensar sysselsetjinga av utanlandske statsborgarar i eit einskilt føretak, ei einskild næring, ein einskild region eller på nasjonalt plan, skal ikkje nyttast på statsborgarar frå dei andre *EØS-statane*.
2. Når det i ein *EØS-stat* vert sett som vilkår at ein viss prosentdel innanlandske arbeidstakarar skal tilsetjast for at eit føretak skal få føremoner, skal statsborgarar frå dei andre *EØS-statane* reknast som innanlandske arbeidstakarar, med atterhald for føresegnene i europaparlaments- og rådsdirektiv 2005/36/EF av 7. september 2005 om godkjenning av yrkeskvalifikasjonar⁵.

Artikkel 5

Ein statsborgar i ein *EØS-stat* som søker arbeid på territoriet til ein annan *EØS-stat*, skal få den same hjelpa der som den som arbeidskontora i denne staten gjev sine egne statsborgarar som søker arbeid.

⁵ TEU L 255 av 30.9.2005, s. 22.

Artikkel 6

1. Tilsetjing av ein statsborgar i éin *EØS-stat* i ein stilling i ein annan *EØS-stat*, skal ikkje på grunnlag av nasjonalitet vere avhengig av helsemessige, yrkesmessige eller andre krav som skil seg frå dei som vert nytta på statsborgarar i den andre *EØS-staten* som ønskjer å utøve den same verksemda.
2. Ein statsborgar som har fått eit personleg tilbod om arbeid frå ein arbeidsgjevar i ein annan *EØS-stat* enn den han er statsborgar i, kan måtte utføre ei prøve på faglege kvalifikasjonar dersom arbeidsgjevaren uttrykkelig har bede om dette då han gav tilbodet.

Del 2**Sysselsetjing og likebehandling****Artikkel 7**

1. Ein arbeidstakar som er statsborgar i ein *EØS-stat*, kan ikkje på grunn av statsborgarskapet sitt handsamast annleis på territoriet til ein annan *EØS-stat* enn innanlandske arbeidstakarar når det gjeld tilsetjings- og arbeidsvilkår, særleg med omsyn til lønn og oppseiing, og, dersom arbeidstakaren er vorten arbeidsledig, til å verte teken inn att eller få ny tilsetjing.
2. Arbeidstakaren skal nyte godt av dei same sosiale og skattemessige føremonene som innanlandske arbeidstakarar.
3. Arbeidstakaren skal òg ha tilgang til opplæring ved yrkesfaglege skular og omskoleingsenter med dei same rettane og på dei same vilkåra som innanlandske arbeidstakarar.
4. Alle føresegner i tariffavtaler og andre kollektive avtaler og i individuelle arbeidsavtaler om tilgang til arbeid, lønn og andre arbeids- eller oppseiingsvilkår, skal vere ugyldige i den grad dei fastset eller tillèt vilkår som inneber forskjellsbehandling for arbeidstakarar som er statsborgarar i andre medlemsstatar.

Artikkel 8

Ein arbeidstakar som er statsborgar i ein *EØS-stat* og er sysselsett på territoriet til ein annan *EØS-*

stat, skal ha krav på lik behandling når det gjeld medlemskap i fagforeiningar og utøving av fagforeiningsrettar, medrekna røysterett og retten til å kunne ta på seg administrative eller leiande stillingar i ei fagforeining. Arbeidstakaren kan utelukkast frå deltaking i leiinga av offentlegrettslege organ og frå utøving av eit offentleg verv. Han eller ho skal vidare kunne veljast til organ som representerer arbeidstakarane i føretaket.

Det første leddet i denne artikkelen skal ikkje røre ved dei lovene og forskriftene som i visse *EØS-statar* gjev arbeidstakarar frå andre *EØS-statar* meir omfattande rettar.

Artikkel 9

1. Ein arbeidstakar som er statsborgar i ein *EØS-stat*, og som er tilsett på territoriet til ein annan *EØS-stat*, skal ha dei same rettane og føremonene som innanlandske arbeidstakarar når det gjeld bustad, medrekna eigedomsrett til den bustaden som han eller ho treng.
2. Ein arbeidstakar som er nemnd i nr. 1, kan med dei same rettane som innanlandske statsborgarar skrive seg på lister over bustadsøkjjarar i regionen der han eller ho er tilsett, der det vert ført slike lister, og såleis nyte godt av dei føremonene og prioriteringane som følgjer av dette.
Dersom familien til arbeidstakaren er vorten buande i heimstaten, skal familiemedlemmene reknast som busette i den nemnde regionen, i den grad tilsvarande gjeld for innanlandske arbeidstakarar.

Del 3**Familien til arbeidstakarane****Artikkel 10**

Når ein statsborgar i ein *EØS-stat* arbeider eller har arbeid på territoriet til ein annan *EØS-stat*, skal borna hans/hennar ha tilgang til allmennutdanning og lærling- og yrkesfagleg opplæring på dei same vilkåra som statsborgarar i denne staten, dersom borna er busette på territoriet til denne staten.

EØS-statane skal oppmuntre til alle tiltak som tek sikte på at desse borna skal kunne ta del i undervisninga på best moglege vilkår.

Kapittel II

Arbeidsformidling

Del 1

Samarbeid mellom EFTA-statane og med EFTAs faste komité

Artikkel 11

1. *EFTA-statane* eller *EFTAs faste komité* skal setje i gang eller i fellesskap gjennomføre alle granskingar om sysselsetjing og arbeidsløyse som dei finn naudsynte for den frie rørsle for arbeidstakarar innanfor EØS.

Dei sentrale arbeidskontora i *EFTA-statane* skal ha eit nært samarbeid med kvarandre og med *EFTAs faste komité* med sikte på felles tiltak som gjeld arbeidsformidling innanfor EØS, og den plasseringa av arbeidstakarar som følgjer av dette.

2. For dette føremålet skal *EFTA-statane* peike ut særlege kontor som skal ha til oppgåve å organisere arbeidet på dei områda som er nemnde i nr. 1 andre leddet, og å samarbeide med kvarandre og med kontora til *EFTAs faste komité*.

EFTA-statane skal melde frå til *EFTAs faste komité* om alle endringar når det gjeld utpeiking av desse kontora, og *EFTAs faste komité* skal offentleggjere desse endringane i *EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende*.

Artikkel 12

1. *EFTA-statane* skal sende over til *EFTAs faste komité* og *EFTAs overvåkingsorgan* alle opplysningar om problem som kjem på i samband med fri rørsle for og sysselsetjing av arbeidstakarar, saman med opplysningar om situasjonen og utviklinga når det gjeld sysselsetjinga.
2. *EFTAs faste komité* skal fastsetje kva form dei opplysningane som er nemnde i nr. 1 i denne artikkelen, skal utarbeidast i, samstundes som det vert teke mest mogleg omsyn til fråsegna frå det faglege utvalet som er nemnt i artikkel 29 (heretter kalla «Det faglege utvalet»).
3. I samsvar med den framgangsmåten som er fastsett av *EFTAs faste komité*, samstundes som det vert teke mest mogleg omsyn til fråsegna frå Det faglege utvalet, skal det særlege kontoret i kvar *EFTA-stat* sende over til dei særlege kontora i dei andre *EFTA-statane*

og *EFTAs faste komité* og til Det europeiske samordningskontoret som er nemnt i artikkel 18, opplysningar om leve- og arbeidsvilkår og om situasjonen på arbeidsmarknaden som kan vere til nytte for arbeidstakarar frå dei andre *EFTA-statane*. Desse opplysningane skal ajourførast jamleg.

Dei særlege kontora til dei andre *EFTA-statane* skal syte for at desse opplysningane får ei omfattande spreining, særleg ved å sende dei til dei arbeidskontora som det gjeld, og ved å nytte alle kommunikasjonsmiddel som eignar seg for spreining av informasjon til dei arbeidstakarane som det gjeld.

Del 2

Formidlingsverksemd

Artikkel 13

1. Det særlege kontoret i kvar *EØS-stat* skal jamleg sende dei særlege kontora i dei andre *EØS-statane* og Det europeiske samordningskontoret som er nemnt i artikkel 18,
 - a) tilbod om ledige stillingar der det eventuelt kunne tilsetjast statsborgarar frå andre *EØS-statar*,
 - b) tilbod om ledige stillingar som er melde til tredjestatar,
 - c) søknader om arbeid frå personar som formelt har uttrykt ønske om å arbeide i ein annan *EØS-stat*,
 - d) opplysningar som er inndelte etter ulike geografiske område og næringar, om arbeidssøkjjarar som har sagt seg villige til å ta arbeid i ein annan stat.

Det særlege kontoret i kvar *EØS-stat* skal snarast råd sende desse opplysningane over til dei arbeidskontora og – organa som det gjeld.

2. Dei opplysningane om arbeidsformidling som er nemnde i nr. 1, skal fordelast etter eit einsarta system som skal utarbeidast av Det europeiske samordningskontoret som er nemnt i artikkel 18, i samarbeid med Det faglege utvalet.

Dette systemet kan tilpassast dersom det er naudsynt.

Artikkel 14

1. Alle ledige stillingar i medhald av artikkel 13 som er melde til arbeidskontora i ein *EØS-stat*, skal meldast til og handsamast av dei

rette arbeidskontora i den andre *EØS-staten* som det gjeld.

Desse kontora skal sende over detaljerte opplysningar om eigna søkjarar til den førstnemnde *EØS-staten*.

2. Dei søknadene om arbeid som er nemnde artikkel 13 nr. 1 bokstav c), skal svarast på av dei rette kontora i *EØS-statane* innan ein rimeleg frist på høgst éin månad.
3. Arbeidskontora skal gje arbeidstakarar som er statsborgarar i *EØS-statane*, den same prioriteten som den som ved høvelege tiltak vert gjeven til innanlandske arbeidstakarar jamført med arbeidstakarar frå tredjestatar.

Artikkel 15

1. Føresegnene i artikkel 14 skal gjennomførast av dei særlege kontora. I den grad det ligg føre fullmakt frå dei sentrale kontora, og i den grad organiseringa av arbeidskontora i ein *EFTA-stat* og framgangsmåten ved formidling gjer det mogleg, skal likevel
 - a) dei regionale arbeidskontora i *EFTA-statane*
 - i) drive direkte arbeidsformidling på grunnlag av dei oppgåvene som er nemnde i artikkel 13, med etterfølgjande høvelege tiltak,
 - ii) innføre direkte samband med sikte på formidling
 - av tilbod om ledige stillingar til ein namngjeven arbeidstakar,
 - av individuelle søknader om arbeid som er retta til eit visst arbeidskontor eller til ein arbeidsgjevar som utøver verksemda si innanfor området til dette arbeidskontoret,
 - når formidlingsverksemda gjeld sesongarbeidarar som må tilsetjast så snart som råd,
 - b) dei rette arbeidskontora i grenseområda i to eller fleire *EØS-statar* jamleg utveksle opplysningar om arbeidsformidling innanfor området sitt, og drive arbeidsformidling direkte seg imellom på same måte som med dei andre arbeidskontora i sin eigen stat.

Dersom det er naudsynt, skal dei kontora som har ansvaret for grenseområda, dessutan innføre samarbeids- og tenestestrukturar med sikte på å tilby

- brukarane flest mogleg praktiske opplysningar om dei ulike sidene ved fri rørsle, og
 - partane i arbeidslivet, sosialtenester (særleg offentlege, private eller allmenntnyttige) og alle institusjonar som det gjeld, eit sett med samordna tiltak som gjeld fri rørsle,
- c) offisielle arbeidskontor som spesialiserer seg innanfor visse yrkes- eller persongrupper, samarbeide direkte med kvarandre.
2. Dei *EFTA-statane* som det gjeld, skal sende over til *EFTAs faste komité* ei liste som er utarbeidd ved felles avtale, over arbeidskontor slik det er nemnt i nr. 1, og *EFTAs faste komité* skal offentleggjere lista og alle endringar i denne i *EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende*.

Artikkel 16

Bruken av dei framgangsmåtane ved tilsetjing som vert nytta av dei organa som er skipa til gjennomføring av avtaler mellom to eller fleire *EØS-statar*, skal ikkje vere obligatorisk.

Del 3

Kontrolltiltak for å fremje jamvekta på arbeidsmarknaden

Artikkel 17

1. På grunnlag av ein rapport som *EFTAs faste komité* skal utarbeide med utgangspunkt i opplysningar frå *EFTA-statane*, skal *EFTA-statane* og *EFTAs faste komité* minst éin gong i året i fellesskap analysere resultatane av verksemda i *EØS* når det gjeld arbeidsformidling.
2. *EØS-statane* og Kommisjonen og *EFTAs faste komité* skal på alle måtar undersøkje korleis statsborgarar i *EØS-statane* kan prioriterast ved tilsetjing i ledige stillingar for å skape jamvekt mellom ledige stillingar og søknader om arbeid i *EØS*. Dei skal vedta alle dei tiltaka som er naudsynt for å oppnå dette.
3. Kommisjonen skal annakvart år sende Europaparlamentet, Rådet og Det europeiske økonomi- og sosialutvalet ein rapport om gjennomføringa av kapittel II, med eit samandrag av dei opplysningane som er innhenta, og data frå granskingar og forskning som er utført, der det vert lagt særleg vekt på alle relevante opplysningar om utviklinga på arbeidsmarknaden til Unionen.

*Del 4***Det europeiske samordningskontoret***Artikkel 18*

Det europeiske samordningskontoret for arbeidsformidling (hetter kalla «Det europeiske samordningskontoret»), som er skipa innanfor Kommisjonen, skal ha som allmenn oppgåve å fremje arbeidsformidling på unionsplan. Det skal særleg ha ansvaret for alle faglege oppgåver som i medhald av denne forordninga er tildelt Kommisjonen på dette området, og særleg for å hjelpe dei nasjonale arbeidskontora.

Det europeiske samordningskontoret skal utarbeide ei oversikt over dei opplysningane som er nemnde i artikkel 12 og 13, og dei opplysningane som har kome fram ved granskingar og forskning som er gjennomført i medhald av artikkel 11, slik at alle nyttige opplysningar om den forventade utviklinga på arbeidsmarknaden i Unionen vert klargjorde; desse opplysningane skal sendast over til dei særlege kontora i medlemsstatane, og dessutan til det rådgjevande utvalet som er nemnt i artikkel 21, og til Det faglege utvalet.

Artikkel 19

1. Det europeiske samordningskontoret skal særleg ha ansvaret for
 - a) å samordne dei praktiske tiltaka som er naudsynte for arbeidsformidling innanfor Unionen, og å analysere den flyttinga av arbeidstakarar som følgjer av dette,
 - b) å medverke til å nå desse måla ved å gjennomføre felles tiltak på administrative og faglege plan, i samarbeid med Det faglege utvalet,
 - c) å drive arbeidsformidling når det ligg føre eit særleg behov og i samarbeid med dei særlege kontora, som òg skal gjennomføre denne formidlinga.
2. Det europeiske samordningskontoret skal sende over til dei særlege kontora opplysningar om ledige stillingar og søknader om arbeid som er sende direkte til Kommisjonen, og skal få melding om den vidare behandlinga av dei.

Artikkel 20

Kommisjonen kan, i samarbeid med den rette styresmakta i kvar medlemsstat og i samsvar med

dei vilkåra og framgangsmåtane som Kommisjonen fastset på grunnlag av fråsegn frå Det faglege utvalet, organisere vitjingar og tenesteopphald for tenestemenn frå andre medlemsstatar og vidareutdanning for faglege personale.

*Kapittel III***Organ som skal sikre eit nært samarbeid mellom medlemsstatane når det gjeld fri rørsle for og sysselsetjing av arbeidstakarar***Del 1***Det rådgjevande utvalet***Artikkel 21*

Det rådgjevande utvalet skal ha ansvaret for å hjelpe Kommisjonen ved gransking av alle spørsmål som oppstår ved bruken av traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen, og dei tiltaka som vert gjorde for å gjennomføre traktaten når det gjeld fri rørsle for og sysselsetjing av arbeidstakarar.

Artikkel 22

Det rådgjevande utvalet skal særleg ha til oppgåve

- a) å handsame problem i samband med fri rørsle og sysselsetjing innanfor ramma av arbeidsmarknadspolitikken til dei einskilde statane med sikte på samordning av sysselsetjingspolitikken til medlemsstatane på unionsplan, og såleis medverke til å utvikle økonomien deira og skape betre jamvekt på arbeidsmarknaden,
- b) å gjere ei allmenn gransking av korleis gjennomføringa av denne forordninga og eventuelle tilleggspåleggsesegner verkar,
- c) å sende over til Kommisjonen eventuelle grunnleggjande framlegg til endring av denne forordninga,
- d) på oppmoding frå Kommisjonen eller på eige initiativ, å gje grunnleggjande fråsegner om allmenne eller prinsipielle spørsmål, særleg om utveksling av opplysningar om utviklinga på arbeidsmarknaden, om flyttinga til arbeidstakarane mellom medlemsstatane, om program eller tiltak som fremjar yrkesretteleing og yrkesretta opplæring og kan leggje til høva betre til rette for fri rørsle og sysselsetjing, og om alle former for hjelp til arbeidstakarar og familiane deira, medrekna sosialhjelp og hjelp til bustad.

Artikkel 23

1. Det rådgjevande utvalet skal vere samansett av seks medlemmer frå kvar medlemsstat, og av desse skal to representere regjeringa, to arbeidstakarorganisasjonane og to arbeidsgjevarorganisasjonane.
2. For kvar gruppe som er nemnd i nr. 1, skal det oppnemnast ein varamedlem frå kvar medlemsstat.
3. Mandatet til medlemmene og varamedlemmene skal vare i to år. Mandatet deira kan lengjast.

Når mandatet deira går ut, skal medlemmene og varamedlemmene halde fram i tenesta inntil dei vert avløyste eller mandatet deira vert fornya.

Artikkel 24

Medlemmene av Det rådgjevande utvalet og varamedlemmene deira skal oppnemnast av Rådet, som ved utveljinga av representantar for arbeidstakar- og arbeidsgjevarorganisasjonane skal leggje vinn på at dei ulike sektorane i næringslivet som det gjeld, vert representerte på ein rettferdig måte.

Rådet skal offentleggjere lista over medlemmer og varamedlemmer til orientering i *Den europeiske unions tidende*.

Artikkel 25

Det rådgjevande utvalet skal leiast av ein medlem av Kommisjonen eller vararepresentanten hans. Leiaren skal ikkje røyste. Utvalet skal halde møte minst to gonger i året. Leiaren skal kalle inn til møte, anten etter eige initiativ eller etter oppmøding frå minst ein tredel av medlemmene.

Kommisjonen skal ta hand om sekretærtene-ster.

Artikkel 26

Leiaren kan invitere einskildpersonar eller representantar for organ som har brei røynsle frå området sysselsetjing eller rørsle for arbeidstakarar, til å ta del i møta som observatørar eller sakkunnige. Leiaren kan få hjelp av sakkunnige.

Artikkel 27

1. Det rådgjevande utvalet er vedtaksført når to tredelar av medlemmene er til stades.

2. Fråsegner skal vere grunngjevne og skal vedtakast med eit absolutt fleirtal av dei røystene som er gjevne på gyldig måte; ein skriftleg merknad om synspunkta til mindretalet skal leggjast ved fråsegna når mindretalet ber om det.

Artikkel 28

Det rådgjevande utvalet skal fastsetje arbeidsmetodane sine ved møteføresegner som skal ta til å gjelde etter at Rådet har godteke dei, og etter at Rådet først har motteke ei fråsegn frå Kommisjonen. Endringar som Det rådgjevande utvalet eventuelt vedtek, skal ta til å gjelde etter den same framgangsmåten.

Del 2**Det faglege utvalet****Artikkel 29**

Det faglege utvalet skal ha til oppgåve å hjelpe Kommisjonen med å førebu, fremje og følgje opp resultatata av alt fagleg arbeid og alle faglege tiltak til gjennomføring av denne forordninga og eventuelle tilleggsføresegner.

Artikkel 30

Det faglege utvalet skal særleg ha til oppgåve

- a) å fremje og betre samarbeidet mellom dei offentlege styresmaktene som det gjeld i medlemsstatane, i alle faglege spørsmål i samband med fri rørsle for og sysselsetjing av arbeidstakarar,
- b) å utarbeide framgangsmåtar for organiseringa av den felles verksemda til dei offentlege styresmaktene som det gjeld,
- c) å lette innsamlinga av opplysningar som kan vere nyttige for Kommisjonen og for gjennomføringa av granskingar og forskning som er fastsett i denne forordninga, og å fremje utvekslinga av opplysningar og røynsler mellom dei administrative organa som det gjeld,
- d) å undersøkje på eit fagleg plan korleis dei kriteria som medlemsstatane nyttar for å vurdere situasjonen på arbeidsmarknaden, kan harmoniserast.

Artikkel 31

1. Det faglege utvale skal vere samansett av representantar for regjeringane i medlemsstatane. Kvar regjering skal oppnemne som

medlem av Det faglege utvalet éin av dei medlemmene som representerer henne i Det rådgjevande utvalet.

2. Kvar regjering skal oppnemne som varamedlem ein av dei andre representantane sine i Det rådgjevande utvalet, anten ein medlem eller ein varamedlem.

Artikkel 32

Det faglege utvalet skal leiast av ein medlem av Kommisjonen eller vararepresentanten hans. Leiaren skal ikkje røyste. Leiaren og medlemmene av utvalet kan få hjelp av sakkunnige.

Kommisjonen skal ta hand om sekretærtene-ster.

Artikkel 33

Dei framlegga og fråsegnene som vert utarbeidde av Det faglege utvalet, skal sendast over til Kommisjonen og gjerast kjende for Det rådgjevande utvalet. Det skal leggjast ved ein skriftleg merk- nad til framlegga og fråsegnene om synspunkta til dei einskilde medlemmene i Det faglege utvalet når dei ber om dette.

Artikkel 34

Det faglege utvalet skal fastsetje arbeidsmetodane sine ved møteføresegner som skal ta til å gjelde etter at Rådet har godkjent dei, og etter at Rådet først har motteke ei fråsegn frå Kommisjonen. Endringar som Det faglege utvalet eventuelt ved- tek, skal ta til å gjelde etter den same framgangs- måten.

Kapittel IV

Slutføresegner

Artikkel 35

Dei møteføresegnene som gjaldt for Det rådgje- vande utvalet og Det faglege utvalet 8. november 1968, skal framleis nyttast.

Artikkel 36

1. Denne forordninga rører ikkje ved dei føre- segnene som vert vedtekne i samsvar med artikkel 29 i EØS-avtalen.
2. Denne forordninga rører ikkje ved dei plik- tene som ligg på *EØS-statane* som følgje av særlege tilhøve eller av framtidige avtaler med visse ikkje-europeiske statar eller terri-

torium på grunnlag av institusjonelle band som låg føre 8. november 1968 med visse ikkje-europeiske statar eller territorium på grunnlag av institusjonelle band mellom dei.

Arbeidstakarar frå slike statar og territo- rium som i samsvar med denne føresegna utø- ver verksemd som arbeidstakarar på territoriet til ein av desse *EØS-statane*, kan ikkje gjere gjeldande føresegnene i denne forordninga på territoriet til dei andre *EØS-statane*.

Artikkel 37

EFTA-statane skal, i tidsrommet mellom dagen for underteikning og dagen for iverksetjing, til orien- tering sende over til *EFTAs faste komite* og *EFTAs overvåkingsorgan* teksta til dei avtalene, konven- sjonane og overeinskomstane som dei inngår med kvarandre på arbeidskraftområdet.

Artikkel 38

Kommisjonen skal vedta dei tiltaka som er naud- synte for å gjennomføre denne forordninga. For dette føremålet skal han ha eit nært samarbeid med dei sentrale offentlege styresmaktene i med- lemsstatane.

Artikkel 39

Administrasjonsutgiftene til Det rådgjevande utva- let og Det faglege utvalet skal først opp i det all- menne budsjettet til Den europeiske unionen, i det kapittelet som gjeld Kommisjonen.

Artikkel 40

Denne forordninga skal nyttast på territoriet til *EØS-statane* og statsborgarane deira, med atter- hald for artikkel 2 og 3.

Artikkel 41

Forordning (EØF) nr. 1612/68 vert oppheva.

Tilvisingar til forordninga som vert oppheva, skal forståast som tilvisingar til denne forordninga og lesast slik det er vist i jamføringstabellen i ved- legg II.

Artikkel 42

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjort i *Den europeiske unions tidende*.

Lov om gjennomføring i norsk rett av EØS-avtalen vedlegg V punkt 2 (forordning (EU) nr. 492/2011) om fri rørsle av arbeidstakarar innanfor EØS-området (EØS-arbeidstakarlova)

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Vedlegg I

Oppheva forordning med liste over etterfølgjande endringar

Rådsforordning (EØF) nr. 1612/68 (TEF L 257 av 19.10.1968, s. 2)	
Rådsforordning (EØF) nr. 312/76 (TEF L 39 av 14.2.1976, s. 2)	
Rådsforordning (EØF) nr. 2434/92 (TEF L 245 av 26.8.1992, s. 1)	
Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 2004/38 (TEU L 158 av 30.4.2004, s. 77)	Berre artikkel 38 nr. 1

Vedlegg II

Jamføringstabell

Rådsforordning (EØF) nr. 1612/68	Denne forordninga
Del I	Kapittel I
Avdeling I	Del 1
Artikkel 1	Artikkel 1
Artikkel 2	Artikkel 2
Artikkel 3 nr. 1 første leddet	Artikkel 3 nr. 1 første leddet
Artikkel 3 nr. 1 første leddet første strek-punktet	Artikkel 3 nr. 1 første leddet bokstav a)
Artikkel 3 nr. 1 første leddet andre strek-punktet	Artikkel 3 nr. 1 første leddet bokstav b)
Artikkel 3 nr. 1 andre leddet	Artikkel 3 nr. 1 andre leddet
Artikkel 3 nr. 2	Artikkel 3 nr. 2
Artikkel 4	Artikkel 4

Rådsforordning (EØF) nr. 1612/68	Denne forordninga
Artikkel 5	Artikkel 5
Artikkel 6	Artikkel 6
Avdeling II	Del 2
Artikkel 7	Artikkel 7
Artikkel 8 nr. 1	Artikkel 8
Artikkel 9	Artikkel 9
Avdeling III	Del 3
Artikkel 12	Artikkel 10
Del II	Kapittel II
Avdeling I	Del 1
Artikkel 13	Artikkel 11
Artikkel 14	Artikkel 12
Avdeling II	Del 2
Artikkel 15	Artikkel 13
Artikkel 16	Artikkel 14
Artikkel 17	Artikkel 15
Artikkel 18	Artikkel 16
Avdeling III	Del 3
Artikkel 19	Artikkel 17
Avdeling IV	Del 4
Artikkel 21	Artikkel 18
Artikkel 22	Artikkel 19
Artikkel 23	Artikkel 20
Del III	Kapittel III
Avdeling I	Del 1
Artikkel 24	Artikkel 21
Artikkel 25	Artikkel 22
Artikkel 26	Artikkel 23
Artikkel 27	Artikkel 24
Artikkel 28	Artikkel 25
Artikkel 29	Artikkel 26
Artikkel 30	Artikkel 27
Artikkel 31	Artikkel 28
Avdeling II	Del 2
Artikkel 32	Artikkel 29

Rådsforordning (EØF) nr. 1612/68		Rådsforordning (EØF) nr. 1612/68	
	Denne forordninga		Denne forordninga
Artikkel 33	Artikkel 30	Artikkel 42 nr. 3 første leddet første og andre strekpunktet	Artikkel 36 nr. 3 første leddet
Artikkel 34	Artikkel 31		
Artikkel 35	Artikkel 32	Artikkel 42 nr. 3 andre leddet	Artikkel 36 nr. 3 andre leddet
Artikkel 36	Artikkel 33	Artikkel 43	Artikkel 37
Artikkel 37	Artikkel 34	Artikkel 44	Artikkel 38
Del IV	Kapittel IV	Artikkel 45	–
Avdeling I	–	Artikkel 46	Artikkel 39
Artikkel 38	–	Artikkel 47	Artikkel 40
Artikkel 39	Artikkel 35	–	Artikkel 41
Artikkel 40	–	Artikkel 48	Artikkel 42
Artikkel 41	–	–	Vedlegg I
Avdeling II	–	–	Vedlegg II
Artikkel 42 nr. 1	Artikkel 36 nr. 1	–	
Artikkel 42 nr. 2	Artikkel 36 nr. 2		



Tykk: AS O. Fredt. Arnesen. September 2012

241491